



Tyrolertravers blir eit populært innslag også dette året.

Sundag 10.august arrangerer Kvinnherad Turlag igjen friluftsdag for alle ved Fjellandsbø inst i Uskedalen. I fjor var dagen ein stor suksess, det kom meir enn 300. Dette er ein dag med aktivitetar for alle i samarbeid med andre frilufsorganisasjonar. - Vi legg til rette for klatring, kano-og kajakkpadling, fiskeing, tillaging av mat på bål, luftgeværskyting, natursti, tyrolertravers med meir, fortel leiar Anne Kari Enes til uskedalen.no.

Her kan alle få høve til å prøva ut ulike aktivitetar i friluft. Frammøte og registrering frå kl.12.00. Frå laurdagen kan ein delta på indianarleir og overnatta til sundagen.

Enes held fram: - I år er Omvikdalen skyttarlag med med eigen stand og vil visa kva aktivitetar dei driv, her vert det og høve til å prøva å skyta med luftgevær.

Sportsfiskaren har stand ved vatnet og gjev nyttige fisketips, her kan ein fiska sjølv og få ein smakebit på aure tillaga av ivrige sportsfiskarar.

Lauvsprett 4 H frå Omvikdalen finn ein og ved vatnet, der dei legg til rette for kanopadling. Vi har fått låna dei nye kanoane som Kvinnherad kommune fekk i gåve frå Friluftrådet.

Det vert og høve til å testa ut kajakk-padling. Det kan vera lurt å ta med klebyte for desse aktivitetane.

Solglimt 4 H frå Åkra legg til rette for natursti.

Turgruppa i Uskedalen idrettslag har og i år tyrolertravers, som er ein taubane der ein forflyttar seg i sele over eit heng.

Turlaget si fjellsportgruppe legg til rette for fjellklatring og rapellering.

Barnas turlag planlegg indianaraktivitetar i leiren. Her vert det pil-og-boge-skyting og balansering på slakk line og også høve til å grilla eller steika medbrakt mat ved bålet.

Ein kan også steika lappkaker på bålpanna eller poppa popcorn på glørne.

MEIR OM FRILUFTSDAG OG INDIANARLEIR UNDER ARRANGEMENT



I fjor var det meir enn 300 på friluftsdagen ved Fjellandsbø. (Foto: Kvinnherad Turlag)